



## Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune  
samferdselsavdelinga  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Erling Hodneland - 55516355

Vår referanse:  
2014/027596-030

Dykkar referanse:

Vår dato:  
25.02.2015

### Nye driftskontraktar for fylkesvegane i Hordaland 2015.

#### Bakgrunn.

I brev av 16. desember 2014 sendte Statens vegvesen over ei orientering om arbeidet med dei nye driftskontraktane som skal fornyast frå september 2015. Fylkeskommunen har bede om at vi omtalar m.a. marknadsituasjonen, kontraktsoppfølging mv noko meir. Difor sender vi over ei oppdatert orientering om kontraktarbeidet.

I Hordaland er det sju kontraktar for drift av riks- og fylkesvegane inklusive gang og sykkelvegane. Kontraktslengda er normalt 5 år med mogelegheit for 1 års forlenging. Kontraktane er tilpassa slik i tid at det vert lyst ut og fornya ein til to kontraktar kvart år.

I 2015 skal kontrakten for Bergensområdet fornyast med verknad frå 1. september 2015. Gjeldande kontrakt for Bergensområdet omfattar følgjande område/kommunar: Austevoll, Osterøy, Os, Bergen, E16 vest for Trengereid, E39 mellom Bjørnefjorden og Steinestø. I tillegg skal også driftskontrakten for Indre Ryfylke fornyast samstundes. Denne kontrakten omfattar følgjande område/kommunar: Etne, Ølen/Vindafjord, Sauda, Suldal, del av Hjelmeland nord for Jøsenfjorden, del av Odda sør for E134, E134 mellom kryss E39 og Fjæra.

I samsvar med Hordaland fylkeskommune sin drift og vedlikehaldsstrategi for fylkesvegnettet i Hordaland (2012-2021), jfr f.t sak 47/11, har Statens vegvesen utarbeidd eit forslag til konkurransegrunnlag for ny kontrakt for ovannemnde driftsområde.

Fylkeskommunen sin drift og vedlikehaldsstrategi har følgjande mål:

#### *Mål 2021*

- A. Sikre drift av fylkesvegnettet med betre forhold for trafikktryggleik, framkomst og miljø, med høgare grad av kostnadseffektivitet enn i dag.
- B. Sikre reduksjon av forfallet på vegnettet samanlikna med 2011-nivået (3 mrd kroner).

#### *Mål 2017*

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Spelhaugen 12  
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø  
Telefon:  
Telefaks:

- A. Sikre at kontraktgrunnlaget for driftskontraktane vert vidareutvikla, slik at dei reelle behova vert lagt til grunn og at framtidige driftskontraktar vert prissett så riktig som mogleg.
- B. Sikre at kunnskapsgrunnlaget om verknader av ulike kontraktstyper og -formar vert utvikla, slik at nye kontraktar vert betre og meir kostnadseffektive.
- C. Stoppe veksten i forfallet på vegnettet.

Desse målsettingane er lagde til grunn ved utarbeiding av konkurransegrunnlaget.

### **Generell omtale av driftskontaktane.**

Driftskontraktane er bygde opp etter ein landsmal med regionale og lokale tilpassingar for kvar kontrakt. Kontraktane er under stadig utvikling, og Statens vegvesen arbeidar med ei målsetjing om betring/utvikling av kontraktane slik at vi får ei best mogeleg utnytting av ressursane, samt at vi har eit drifts- og vedlikehaldsnivå som er tenleg for brukarane av vegnettet.

Hordaland fylkeskommune har vedteke at Handbok 111 Standard for drift og vedlikehald av riksvegar (no Handbok R610) skal leggest til grunn for drift av fylkesvegane, jfr fylkeskommunen sin drift og vedlikehaldsstrategi. Fylkeskommunen har sett dette som ein føremon ut frå både trafikkantperspektiv og eit entreprenør/byggherreperspektiv. På bakgrunn av dette har Statens vegvesen lagt HB R610 til grunn i arbeidet med utforming av konkurransegrunnlaget for driftskontaktane.

Krava i kontraktane er dels felles krav som gjeld alle vegobjekta og dels som krav for det einskilde vegobjektet eller for utføring av drift og vedlikehald.

For den vidare graderinga av kva krav som gjeld for den aktuelle strekninga, vert årstdøgrtrafikk (ÅDT) på vegstrekninga lagt til grunn.

Det er ikkje lagt opp til generelt auka standard når nye kontraktar vert lyste ut. Det er likevel gjort endringar i ordlyden i kontraktsmalen, slik at det skal vera lettare å følgja opp kontraktane og sikre at ein får den kvaliteten som er avtala. Målsettinga er at forfallet på vegnettet ikkje skal auke.

Ved inngåing av nye driftskontraktar kan det av budsjettmessige årsaker vere aktuelt å senke enkelte krav til drifts- og vedlikehaldsarbeidet og/eller ta atterhald om dette. Dersom dette er aktuelt for riksvegnettet, skal dette avklarast med Vegdirektoratet. Dersom det er aktuelt for fylkesvegnettet, skal dette avklarast med fylkeskommunen. I motsett fall kan det også vere slik at ein på spesielle strekningar kan ha særleg vanskelege forhold for trafikantane. Her kan det vere naudsynt med større innsats enn «normal»-krava tilseier.

### **Nærare om innhaldet i driftskontrakten**

Kontrakten omfattar drift og vedlikehald av riksvegar, fylkesvegar, gang- og sykkelvegar med tilhørande sideareal, utstyr og installasjonar.

Kostnadane med drift og vedlikehald er skilde mellom riksveg og fylkesveg.

Kontrakten omfattar i hovudtrekk følgjande:

- Drift av drensssystem for å sikre frie vassvegar.
- Lapping og reparasjon av lokale skader i asfaltdekke.
- Drift/vedlikehald av murar, støyskjermar, stabilitetssikring, kantstein, gjerde,

- rekkverk, skilt og anna vegutstyr, rasteplassar, leskur, etc.
- Drift av grøntareal og skråningar
- Reinhold
- Inspeksjon, reinhold og reinsk av tunnelar
- Trafikkberedskap
- Inspeksjon, reingjering og enklare vedlikehald av bruer og kaier
- Vinterdrift

Kontraktane inneheld ikkje desse oppgåvene:

- Dekkefornyng
- Oppmerking
- Drift av veglys
- Indre vedlikehald av trafikksignalanlegg og andre trafikkstyrings- og overvakingssystem
- Større vedlikehaldsarbeid på t.d. drens- og avløpsanlegg, tunnelar, murar, bruer og kaier
- Investeringsoppgåver

For Stor-Bergen-kontrakten er inspeksjon, reinhold og reinsk av tunnelar ikkje med i driftskontrakten. Det er ein eigen kontrakt for tunneldrifta.

Oppfølging av kontraktane skjer gjennom jamlege byggemøter mellom entreprenør og Statens vegvesen. Entreprenøren skal ha eit driftssystem etter ISO-standard. Alle avvik skal rapporterast inn i eit felles rapporteringssystem – Elrapp (eit elektronisk rapporteringssystem som Statens vegvesen driftar). Avvika vert teke opp på byggemøta og det er rutinar for oppfølging og lukking av avvika. Vert ikkje avvika retta innan avtalte fristar kan det verte trekk i kontraktssummen.

### **Vinterdrifta**

I tidlegare kontraktar i Norge fram til 2012, har vinterdrifta hatt ein fast rundsum som oppgjersform.

Etter samrådingar mellom Statens vegvesen og entreprenørbransjen, er oppgjersforma endra til einingsprisar. I kontrakten vert det lagt opp til at vinterdrifta vert betalt etter ein «grunnpakke» der entreprenøren forpliktar seg til å halde naudsynt brøyte og strøutstyr. I kontrakten vert det avtalt ein pris per brøytekilometer og per tonn salt/sand som går med for å halde vegen framkommeleg. Uttak av salt, Saltopløsning, sand vert registrert elektronisk og gjort opp etter forbruket. På denne måten vert risikoen delt mellom entreprenør og oppdragsgjevar. Ved snørike vintrar får oppdragsgjevar ein meirkostnad, men med snøfattige vintrar vert det ei innsparing. Over ein kontraktperiode på 5 år reknar vi med at dette vil jamne seg ut.

Utgangspunktet for standarden på vinterdrifta er gitt i Handbok R610. Her er vinterdrifta delt inn i såkalla vinterdriftsklassar. Val av vinterdriftsklasse for ei samanhengande vegrute skal gjerast med utgangspunkt i trafikkvolumet på vegruta. Inndelinga er kort skissert slik som vist i tabellen på neste side:

Vinterdriftsklasse	Bar (våt/tørr). Vegmerking, inkludert kantlinje skal vere synlig.
--------------------	---

DkA	
Vinterdriftsklasse DkB	Snø- og isfri (bar) veg på minst 2/3 av køyrefeltbreidda. Hardt/jamt snø- og isdekke med maks 1 cm laus snø på resten køyrebanebreidda i avgrensa tidsrom.
Vinterdriftsklasse DkC	I periodar med lite nedbør/rimdanning eller temperatur rundt 0°C. Bar (våt/ tørr) veg. Vegoppmerking unnateke kantlinje skal vere synleg. Hardt/jamt snø- og isdekke med maks 2 cm laus snø i kald periode.
Vinterdriftsklasse DkD	Hardt/jamt snø/is-dekke med maks 2 cm laus snø.
Vinterdriftsklasse DkE	Hardt/jamt snø/is-dekke med maks 3 cm laus snø. Ikkje aktuell for riksvegar.

Inndeling ut frå trafikkmengde/årsdøgntrafikk.

Vinterdriftsklasse	Årsdøgntrafikk (ÅDT)	Merknader
DkA	Over 10 000 - 15 000	
DkBh (høy)	Mellom 7 000 – 10 000	Unntak er gjort for å unngå mange standardsprang på samanhengande strekningar
DkBm (middels)	Mellom 3 000 – 7 000	
DkBl (lav)	Mellom 1 000 – 3 000	
DkC	Spesiell vurdering	
DkD	Spesiell vurdering	
DkE	Spesiell vurdering	

Ved val av driftsklasse skal ein i tillegg til ÅDT ta omsyn til vegkategori (nasjonal/regional transportrute eller anna transportrute), trafikksamansetning (tunge/lette køyretøy, sykkel, gåande), kollektivtrafikk, geometrisk standard, topografi, klima, vertilhøve, ulukkesnivå, rushtidstrafikk, næringstrafikk, turisttrafikk, miljø mv.

Ut frå mange års røynsle med vinterdrifta, er det sett opp nokre kriterier for kva vegar som skal saltast med mål å få snø- og isfri vegbane også etter snøfall ( vinterklasse A eller B), og kva vegar som skal saltast berre i samband med rim- og barfrost (vinterklasse c). På dei sist nemnde vegane vert det nytta strøsand til betring av friksjonsforholda når det har lagt seg snø- eller isdekke i vegbana.

Vinterdriftsklasse A og B er tilnærma same standard som den gamle «bar veg strategi» medan vinterklasse C kan samanliknast med den som tidligare vart kalla «mellomstrategi».

For dei fleste vegane med dagens mellomstrategi er det valt ny driftsklasse B «mellom» eller B «låg».

Dersom ein skal prøve å setje opp ei samanlikning mellom gamal og ny standard for vegnettet, ser det i prinsippet slik ut:

Gamal vinterdriftsstrategien	Bar veg		Mellom-strategi	Vinter-veg
Nye klasser for vinterdrift	DkA	DkB	DkC	DkD

## Kort omtale av kontraktsområde 1202 Stor-Bergen

For **kontraktsområde 1202 Stor-Bergen** er grensene dei same som for dagens kontrakt. Det er ikkje forslag til justeringar på dette. Veglengdene som er med i kontrakten er viste i tabellen nedanfor:

Område	Km veglengde (inkl armar og rampar)			
	Riksvegar	Fylkesvegar	GS-riksvegar	GS-fylkesvegar
Stor-Bergen	128	553	45	66

I kontrakten er det teke inn ny Knappetunnel.

Vi legg opp til ei vidareføring av same standard som kontrakten har i dag med nokre justeringar. Den nye kontrakten legg, med rett utføring, til rette for/ støtter opp under gjeldande politikk med auka fokus på at gåande, syklande og kollektivreisande skal ta veksten i persontransporten i byane.

I samband med utarbeiding av konkurransegrunnlaget har Skyss kome med innspel til driftskontakten. Dette er teke omsyn til og spesielt gjeld dette vinterdrifta.

For vinterdrifta er det lagt opp til at mesteparten av fylkesvegane skal ha driftsklasse DkB, jfr orienteringa om standarden som er gitt over. Dette inneber at vi har bar veg på 292 km etter standarden DkB og 246 km etter standarden DkA låg. Det er delar av to vegar, fv 235 frå Unneland til Bjørndalen/Osevann og fv 360 Sluppatjørn til Hakenes som får driftsklasse DkC.

Riksvegane vil ha driftsklasse DkA.

Dette er om lag same standard som vegane har i dag.

Det har vore orienterings-/drøftingsmøte med representantar frå sykkelmiljøet om standarden på sykkelvegane.

Når det gjeld sykkelvegane inn mot Bergen sentrum vert det forsterka vinterdrift, dvs. at hovudsykkelrutene har GsA dvs. snø og isfritt mellom kl. 0600 og 2300, jfr vedlagte kart over sykkelrutene. Dette omfattar om lag 23,2 km. I grunnlaget for kontrakten vert det krav til rutinar for feing og børsting av dei nemnte traseane. Vidare er det initiert eit prøveprosjekt for å teste ut bruk av kombinasjonar av salt og sand når bakken vert frostlagt.

Elles har alle gang- og sykkelvegar standard GsB, dvs. tilnærma same standard som i dag, samstundes vert det betre føresetnader for å følgje opp at kontraktskrava vert innfridd. GsB er for alt «gang- og sykkelareal». I gang- og sykkelareal inngår fortau, trappar, repos, gang- og sykkelvegar og anna areal der gåande og syklande ferdes.

Av omsyn til miljø og støvplagar er det lagt opp til forsterka reinhald av hovudvegnettet gjennom Bergen.

I tillegg har vi eit samarbeidsprosjekt med Bergen kommune om reinhald av gatene i Bergen sentrum. Kostnadane med dette er utanom driftskontrakten og vert dekkja over driftsbudsjettet til riksvegdrifta.

Vi har og ein samarbeidsavtale med Bergen kommune om målestasjonar og måling av luftforureining i Bergen. Desse kostnadane vert og dekkja over riksvegbudsjettet og utanom denne driftskontrakten.

Vedlagt følger kart som viser vinterstrategien for riks- og fylkesvegar i kontraktområdet i 2014/2015-sesongen. Det er gjort nokre mindre justeringar i den nye kontrakten. Vi legg og med detaljerte lister som viser forslag til vinterstrategi for vegane i kontraktområdet som uprenta vedlegg. Elles er det lagt ut vinterkart på følgjande link:

<http://www.vegvesen.no/Trafikkinformasjon/Reiseinformasjon/Trafikkmeldinger/Vinterforhold>

Kantslått/klippebreidde: Ut frå trafikksikringsomsyn er fartsgrensa på strekninga avgjerande for krav til klippebreidda av vegetasjon langs vegen. Der fartsgrensa er mellom 60-80 km/t er det i utgangspunktet krav om 6 meter ut frå vegen der dette ikkje er i konflikt med murar, skjeringar eller privat eigedom, dvs. same standard som i dag. Ved 50 km/t eller lågere er det krav om 4 meter klippebreidde. Det er mogeleg å redusere klippebreidda til 3 meter. Ut frå trafikksikringsomsyn vil vi ikkje tilrår dette.

Reklamefinansierte leskur: Fylkestinget vedtok i sak 68/13 at det kan innførast reklamefinansierte leskur langs vegane i Hordaland under gitte føresetnader.

Fylkeskommunen har ikkje avklart kor det er aktuelt å godkjenne reklame og tidsplan for innføring av reklamefinansierte leskur. Truleg vil gjennomføringa ta til i løpet av 2016.

I konkurransegrunnlaget legg difor Statens vegvesen opp til ei ordning der alle leskura er ute av grunnlaget, men at vi ber om pris på å drifte leskura etter tida dei er med i avtalen.

Entreprenøren får godgjort etter følgjande ordning: eit leskur som inngår i inntil 6 månadar gir ikkje tillegg, eit leskur som inngår 7 – 18 månadar reknast som eit leskurår, eit leskur som inngår i 19 – 30 månadar reknast som to leskurår, eit leskur som inngår i 31 – 42 månadar reknast som tre leskurår, osv. Det vert og lagt opp til at vi driftsentreprenøren har ansvaret for den gjennomgåande drifta av vegen/fortau forbi leskuret når reklame vert innført. På det viset reknar vi med at vi får fram kostnaden med å drifte leskura og kva vi kan spare ved å få innført reklamefinansierte leskur.

Det vert føresett at reklameentreprenøren skal ha ansvaret for drifta av leskuret og installasjonar knytta til leskuret og området fram til fortauskant og 3 meter rundt leskuret når ordninga med reklame vert innført.

Dette opplegget er Skyss orientert om og dei synes dette er ein god måte å handtere drifta av leskura fram til reklamefinansierte leskur vert sett i verk.

I samband med tilbodskonferansen for driftskontrakten vil Statens vegvesen orientere spesielt om opplegget og innføring av reklamefinanserte leskur og andre byromsmøblar.

Bruk av opsjon:

Fylkeskommunen har reist spørsmål om bruk av opsjonen for Bergenskontrakten i eitt år vidare. Då reknar dei med at arbeidet med konkurransegrunnlaget for reklamefinansierte leskur er kome på plass. Frå Vegdirektoratet har vi fått opplyst at vi skal vere sers tilbakehalden med å nytte opsjonen. Opsjonen bør berre nyttast om ein ikkje kjem i mål ved utlysing av driftsavtalen eller at det geografiske området som avtalen omfattar skal endrast i vesentleg grad. Difor vert det ikkje lagt opp til å nytte opsjonen.

### Kort omtale av driftskontrakt 1105 Indre Ryfylke

For kontakten Indre Ryfylke er området den same som for dagens kontrakt. Det er ikkje forslått justeringar av desse grensene. Veglengdene som er med i denne kontrakten er vist i tabellen under:

Område	Km veglengde (inkl armar og rampar)			
	Riksvegar	Fylkesvegar	GS-riksvegar	GS-fylkesvegar
Rogaland		426		13,7
Hordaland		71,9		0
Sum	199	497,9	14,1	13,7

Driftskontrakten for Indre Ryfylke vert administrert i dag av Statens vegvesen (SVV) i Rogaland på lik linje med det som gjeld for Haugalandet inkl. Sveio kommune. Vurdert ut frå ei effektiv og rasjonell drift, meiner vi at ordninga med at SVV i Rogaland framleis står for dette er ei god løysing. Dessutan utgjer fylkesvegane i Hordaland berre 71,9 km eller ca. 10 % av den samla veglengda for kontrakten.

Standarden på driftsnivået i denne kontrakten er om lag heilt likt som tidlegare, men krava er tilpassa ny Handbok R610 Standard for drift og vedlikehald av riksvegar.

Per i dag er det Risa as som har kontrakten i området. Kostnaden for Hordaland fylkeskommune med denne kontrakten er ca. 3,9 mill.kr i 2014. Vi reknar ikkje med at kostnadene med denne kontrakten vil auke noko vesentleg ved fornyinga.

#### Utvikling i kostnadene med driftskontrakane:

I driftskontraktar vert er det lagt inn ein klausul om at kostnadane skal justerast i samsvar med Statistisk sentralbyrå (SSB) sin kostnadsindeks for Drift og vedlikehald av vegar. I indeksen inngår materialar, maskiner og arbeidskraft. Per 1. kv. 2004 var indeksen sett til 100. frå 3. kvartal 2012 til 3.kv 2013 auka kostnadene med 3,8 %. Frå 3. kv. 2013 til 3. kv. 2014 auka indeksen med 2,4 %. I 3. kv. 2014 er indeksen lik 155,8 dvs. ein auke på 55,8 % frå 2004. Til samanlikning har konsumprisindeksen i same perioden auka med 21,1 %.

Kostnadane med noverande kontrakt for ein periode over 5 år frå oppstart er følgjande:

Område	Kostnad over 5 år	Prisjustert til 2015-kr
Stor-Bergen	357,5 mill. 2010-kr	426,3 mill.kr

Tabellen over viser kostnadane med kontrakten over ein 5-årsperiode oppjustert med SSB sin kostnadsindeks. Det er lagt til grunn at det vert 2,4 % auke frå 2014 til 2015.

For nyare kontaktar varierer kostnaden per meter per år noko frå kontraktsområde til kontraktsområde. Eit gjennomgåande trekk er at dei fleste kontaktane ligg høgare enn det som er vist over.

På neste side er det vist nokre døme kva prisane er for andre kontraktar i 2013-kr.

Stor-Bergen (frå 2010)	107,- kr per meter per år
Hardanger (frå 2011)	70,- kr per meter per år
ASOLA (frå 2012)	86,- kr per meter per år
Nordhordland (frå 2013)	60,- kr per meter per år

Det er vanskeleg å føresjå kva ny pris for Stor-Bergen vert. Det har vist seg med dei siste kontraktane at tilboda varierer mykje. Tilbodsummen for nokre kontraktar er om lag på same nivå som tidlegare justert for prisendringar, medan andre er innpå dubla i pris.

Kostnadane med driftskontaktane er i grove trekk fordelte slik på dei ulike hovudprosessande/gjeremåla som ligg i kontraktane:

Generelle driftskostnader	(HP 1)	ca 1 – 2 %
Tunnelar	(HP 3)	ca 1 – 3 %
Drenering (grøfter, kummer, røyr)	(HP 4)	ca 9 – 15 %
Vegdekker, lapping	(HP 6)	ca 6 – 7 %
Vegutstyr og miljøtiltak(skilt, grønt)	(HP 7)	ca 30 – 35 %
Bruer og kaiar	(HP 8)	ca 1 – 2 %
Vinterdrifta	(HP 9)	ca 44 – 60 %

Fordelinga av kostnadselementa varierer frå kontrakt til kontrakt, men hovudbilete er om lag som over. Når det gjeld tunnelar, bruer og kaiar er det eigne driftskontraktar for dette og det kjem i tillegg til det som er med i sjølve driftskontrakten.

### **Konkurransen i marknaden:**

Som nemnd over har kostnadsutviklinga for driftskontaktane vore høgare enn konsumprisindeksen. Spørsmålet er om det er lite konkurranse i marknaden? Ut frå dei tilbodsoversiktene Statens vegvesen har er det mange aktørar i marknaden. Statens vegvesen Region vest har avtale med følgjande entreprenørar: Lemmikainen Norge as, Mesta as, NCC Roads, E Oppedal as og Veidekke as.

For dei driftsavtalane som elles er lyst ut i landet med verknad frå 1. september 2015 og der det er kome inn tilbod, varierer talet på tilbydarar mellom fire og seks. Dette skulle tyde på at det er konkurranse i marknaden. Men det er likevel vanskeleg å føresjå kva pris vi får inn.

### **Vidare framdrift**

Kontraktsgrunnlaget er omfattande og tidkrevjande å få på plass. Heile vegnettet skal omtalast med alle vegelementa. Her vert Nasjonal vegdatabank (NVDB) nytta. Kontraktsgrunnlaget med vedlegg er på mellom 6000-8000 sider.

Siktemålet var å få fram eit godt konkurransegrunnlag til januar 2015. Konkurransegrunnlaget har vore gjennomgått og kvalitetssikra av Statens vegvesen si interne kontrollrutine. Denne kvalitetssikringa har teke tid, og konkurransegrunnlaget vart først lagt ut i TED-Doffin (Database for offentleg innkjøp) 18. februar 2015.

Når konkurransegrunnlaget er lagt ut i TED-Doffin er det framleis høve til å justere konkurransegrunnlaget fram til ei veke før utløp av leveringsfristen. Normalt er innleveringsfristen for anbodet 60 dagar frå utlysing i TED-Doffin.



I tillegg til ovannemnde kontrakt, vil det bli lyst ut ein kontakt i Rogaland (Indre Ryfylke) og ein i Sogn og Fjordane (Nordfjord). Desse driftskontaktane byggjer på same mal som Stor-Bergen-kontrakten.

Vegavdeling Hordaland  
Med helsing

Olav Finne  
Avdelingsdirektør

Erling Hodneland

Vedlegg: Kart for vinterdrifta i kontraktsområde Stor-Bergen  
Kart for vinterdrifta for sykkelrutene inn mot Bergen sentrum.  
Kart for vinterdrifta i Hordaland.